

# Ein skal ikkje trø i åkeren

## Boniteringsarbeid med omsyn til markens grøde

Mads Langnes

*Mads Langnes: «Don't tread on the fields:» Valuation of fields with respect to the growing crops.*

KART OG PLAN, Vol. 74, pp. 121–130, POB 5003, NO-1432 Ås, ISSN 0047-3278

In the old farming community it was an almost unforgivable offence to tread down growing crops. This was particularly important with respect to grain fields. Formal laws and local traditions regulated the right to tread on cultivated land. This article discusses the extent to which farmers and the surveyors of the «enclosure movement» effectively took into account the growing crops in their work, with a focus on the major enclosure movement processes in the 1800s. Comparison of three parishes shows that the enclosure staff used the autumn months as well as summer months to carry out valuation work in the the fields. This suggests that other factors than old traditions and formal laws were used, and that practical considerations and time constraints played a role in the land valuation practice.

*Key words:* agrarian history, enclosure movement, field valuation, mapping

*Mads Langnes*, agrarian historian, Romsdalsmuseet (The Museum of Cultural History in Romsdal), Per Amdams Veg 4, NO-6413 Molde. E-mail: mads@romsdalsmuseet.no

### Innleiing

Frå gamalt av var det å trø ned veksande grøde ei stor synd. Særleg galdt dette kornet, eller sjølve *Gudslånet*, som dei sa. Før poteten kom til landet var kornet det viktigaste næringsgrunnlaget, og ein ville nødig øydelegge fleire aks enn høgst naudsynt i åkeren. Graset var sjølvsagt også viktig som dyrefôr, og dei som har vakse opp på gard har gjerne fått ei formaning om ikkje å trø ned graset eller åkeren frå foreldre eller besteforeldre. Og er ein ikkje frå gard, kjenner ein nok likevel til Einar Skjæraasen sitt dikt *Du ska itte trø i graset!*<sup>1</sup>

Trass i edle mål om ikkje å trø ned veksande grøde, måtte så vel bønder, tenestefolk og husmenn stundom krysse åker og eng både til fots og med ymse jordbruksreiskap i den daglege gardsdrifta. I så høve kan ein stille seg eit prosaisk spørsmål om dei i røynda tok omsyn til at «spede spirar lyt få stå», eller om dette meir var å rekne som eit ideal enn kva som var råd å etterleve i praksis. For å undersøke ei slik lite påakta problemstilling frå det gamle bondesamfunnet, vil eg i denne ar-

tikkelen nærme meg spørsmålet ut frå ei gransking av eit konkret arbeid som gjekk føre seg på innmarka på svært mange gardar kringom i landet på 1800-talet. Etter den nye utskiftingslova av 1857 vart det som kjent gjennomført svært mange innmarksutskiftingar i delar av landet, og som ein del av denne reformprosessen vart det også oppretta eit eige utskiftingsvesen.<sup>2</sup> Utskiftingsforretningane skulle leiast av ein utskiftingsformann, som saman med to lekmenn kalla for *utskiftingsmenn*, både skulle kartlegge den rådande gardsskipnaden på gardane og kome med framlegg til nye og tidstilpassa skifteløysingar. Boniteringsarbeidet var ein viktig del av arbeidet, der ein sette verdi på dei teigane dei einskilde luteigarane hadde før innmarksutskiftinga. For å utføre eit slikt arbeid måtte ein sjølvsagt gjere seg godt kjent på innmarka til dei aktuelle gardane. Spørsmålet blir då om ein tok omsyn til den veksande grøda, eller om utskiftingsprosessen vart sett på som ein langt større og meir omfattande prosess som kunne heve seg over dei gamle formaningane om ikkje å trø ned

1. Skjæraasen, E.: *Du ska itte trø i graset*. Oslo 1954, s. 64.

2. Langnes, M.: *Frå utskiftingsvesen til jordskifterett – jordskifterettene si historie frå 1800-talet og fram til i dag*. I: Ravna, Ø. (red.): *Perspektiver på jordskifte*. Oslo 2009, s. 93ff.



*Kornskurd på garden Mittet ytre i gamle Veøy prestegjeld i Romsdal, kring 1900. På denne garden var det innmarksutskifting i åra 1871–1874, der utskiftingsmennene utførte boniteringa i juni månad i 1872. Foto: Romsdalsmuseets fotoarkiv.*

åker og eng. Ved å granske på kva tid boniteringsarbeidet gjekk føre seg ved utskiftingane i tre konkrete geografiske einingar; Veøy herad i Romsdal, Lom herad i Nord-Gudbrandsdal og Ullensvang sokn i Hardanger, vonar eg å finne svar på dette spørsmålet. Først skal me likevel byrje med eit blikk attende i tid, for å sjå i kva grad tankar om å verne den veksande grøda hadde røter i eldre lovgeving og tradisjonar i høve utskiftingsarbeidet.

***Du ska itte trø i graset***

*Du ska itte trø i graset.*

*Spede spira lyt få stå.*

*Mållaust liv har og e mening*

*du lyt sjå og tenkje på.*

*På Guds jord og i hass hage*

*er du sjøl et lite strå.*

Einar Skjæraasen, 1954.

**Lovgeving og tradisjon frå eldre tid**

Allereie i dei eldre landskapslovene frå mellomalderen finn ein lovføresegner som gav høve til oppløysing av sameige på gardane, der det også vart lagt vinn på å ikkje trø ned gras og korn meir enn høgst naudsynt. I Gulatingslova, hovudsakleg gjeldande frå Sunnmøre til Agder,<sup>3</sup> er det snakk om to slags jordskifte. Ifølgje kapitlet om såkalla *odelsskifte* i Gulatingslova, gav denne partane høve til å utføre eit minneleg skifte. Då skulle den som ville skifte stemne dei andre inn til odelsskifte og ha heradsmenn med, etter nærare fråsegner i lova. Dei upartiske heradsmennene skulle etter lova utføre skiftet medan jorda var opa og før utsånaden var komen i jorda, ei lovføresegn me må kunne ta til inntekt for at veksande grøde skulle vernast mest mogleg.<sup>4</sup> Mest likeeins var det i Frostatingslova, hovudsakleg gjeldande frå Romsdal til Namdal, sine føresegner om

3. Jf.: Gunnes, E.: Rikssamling og kristning, 800–1177. Bd. 2 i: Mykland, K.: *Norges historie*. Oslo 1976, s. 289f.

4. Gulatingslova: Landsleigebolken, kap. 16 § 2. Jf.: Robberstad, K.: *Gulatingslovi. Umsett frå gamalnorsk*. Oslo 1952, s. 114.

odelsskifte. Her er tida for forretninga derimot ikkje lagt til våren, då odelsskiftet ifølgje lova skulle haldast på hausten etter at grøda var hausta og komen i hus.<sup>5</sup>

I 1274 vart dei eldre landskapslovene avløyste av Magnus Lagabøte si Landslov, som generelt bygde mykje på Gulatingslova og dernest på Frostatingslova, men også på dei tapte austlandske lovbøkene.<sup>6</sup> Slektskapen med Gulatingslova kjem også fram i høve tida for gjennomføring av odelsskifte, då det heiter seg at den som kravde skifte måtte stemne alle sine medeigarar på våren, då «... tingfolket kan sammenkaldes, mens jorden er aapen og usaad».<sup>7</sup>

Lovføresegnene om jordskifte frå Landslova av 1274 gjekk så å seie uforandra over til Christian IVs Norske Lov av 1604 og vidare utan nemneverdige endringar til Christian Vs Norske Lov av 1687.<sup>8</sup> I desse lovene er det også nemnt at skiftet skulle utførast utan å gjere skade på grøda, då dei baa har med føresegn om at odelsskifte skulle utførast medan jorda var «... oben oc vsaaed» (1604) eller «... aaben og usaaet» (1687).<sup>9</sup>

I den danske delen av heilstaten Danmark-Noreg hadde det vorte gjennomført store jordbruksreformer på siste halvdel av 1700-talet, og mot slutten av hundreåret byrja dei dansk-norske embetsmennene og Rentekammeret bli klar over at jordfelleskapet også var til hinder for eit rasjonelt jordbruk i den norske delen av riket. I 1803 utarbeidde Rentekammeret eit utfyllande rundskriv til amtmenn, lågare embetsmenn og særleg jordbrukskunnige privatfolk kringom i heile Noreg,<sup>10</sup> med eit utførleg utkast til utskiftingslov for landet og med spørsmål om kva tilstand som rådde kringom i landet når det galdt utskiftingar og hopehav mellom gardane. Nokre av paragrafane embetsmennene skulle ta stilling til galdt den reint

praktiske utføringa av utskiftingsforretningar, og av vår interesse; mellom anna kva tid det var best å utføre utskiftingsarbeidet (§9).

Svara frå embetsmennene i Hardanger manglar diverre i dette arkivmaterialet, og frå Nord-Gudbrandsdal var det berre futen Lyng som hadde ei meining om emnet. Lyng meinte det var tida frå 1. juni til 14. juli som var best for arbeidet på skiftefeltet, saman med ein bolk på hausten frå 14. september til 14. oktober.<sup>11</sup> Dette var nok ganske samanfalle med den tida amtmann Sommerfeldt i Romsdals amt meinte var best for utskiftingar, både om ein skulle ta omsyn til den veksande grøda og til moglegheita for å få med seg menn til å utføre arbeidet utan at dei sjølv var opptekne i dei travlaste onnetidene på heimgardane sine. Amtmannen hevda difor at den beste tida var frå «... Ploven er lagt, og indtil Høe-Slaatten begynder, samt igien fra Slutningen af Korn Høsten og indtil Snøen falder paa Marken». Våronna, når ploven var i hyppig bruk, vart med det sett på som lite egna, og likeeins tida der ein var oppteken med høyslått og kornhaust. Med ei slik avgrensing slapp ein også å trø meir i enga og åkrane enn høgst naudsynt. Bonitering i juni og byrjinga av juli var elles å nemne «Den beleyligste Tiid ...» ifølgje kaptein Klingenberg på Årø i Bolsøy prestegjeld i Romsdal. Ein annan militær embetsmann, kaptein Ræder i Grytten prestegjeld i same futedømet, såg derimot føre seg at hausten var den beste tida, medan holzførster Schnitler i Nesset prestegjeld, såg føre seg utskiftingar både i juni, først i juli, sist i oktober og i november månad. Dette var mest i samsvar med romsdalsfuten Cøln sitt svar, i tillegg til at han også meinte mai månad var høveleg for utskiftingar.

Det er interessant å merke seg at ein både i dei eldre lovene og i høringsfråsegnene frå

5. Hagland, J. R. og Sandnes, J.: *Frostatingslova*. Oslo 1994, s. 203.

6. Robberstad, K.: *Frå gamal og ny rett*. Oslo 1950, s. 52. Robberstad, K.: *Frå gamal og ny rett*. Oslo 1950, s. 136.

Helle, K.: *Gulatinget og Gulatingslova*. Leikanger 2001, s. 11.

7. Magnus Lagabøtes landslov av 1274, 6-3-1. Jf.: Taranger, A.: *Magnus Lagabøters Landslov*. Kristiania 1915, s. 98.

8. Juvkam, O.: Træk af utskiftningsvæsenets historie. I: *Tidsskrift for Det norske Utskiftningsvæsen 1917*. Kristiania 1917, s. 41.

9. Norske Lov 1604, 5-3 og Norske Lov 1687, 5-2-68. Jf.: *Kong Christian den Fjerdes Norske Lovbog af 1604*. Kristiania 1855, s. 119. *Kong Christian den Femtes Norske Lov: 15de april 1687*. Oslo 1982, s. 194f.

10. Bjørkvik, H. og Holmsen, A.: Gardsskipnad i Sogn og Fjordane for 150 år sidan. I: *Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn, 1953*. Leikanger 1953, s. 14f.

11. Alle svara/sitata frå 1803/1804 er frå: Riksarkivet: *Rentekammeret. Real. ordn. avd. Utskifning. Innkomne uttalelser til sirkulære 11.06.1803, 1803-1804*.

først på 1800-talet hovudsakleg legg vekt på to omsyn i høve spørsmålet om *når* ein burde utføre verdsetjingsarbeidet i samband med ei utskiftingsforretning. For det første er det snakk om å verje veksande grøde, og for det andre er det snakk om å utføre arbeidet når partane i saka og utskiftingsmennene best kunne finne tid til å møte til ei slik forretning. Ein tredje innfallsvinkel synast å mangle, og det omsynet til kva tid ein fekk dei beste opplysingane og det beste grunnlaget for å seie noko om verdiane av dei einskilde teigar. I så høve må ein kunne forvente at det var viktig å sjå grøda spire og gro. Eit slikt syn på kva tid som var mest høveleg for bonitering kjem korkje fram av dei eldre lovføresegnene eller av høyringsfråsegnene frå Nord-Gudbrandsdal og Romsdal frå 1803/1804, men er likevel å finne i svaret til Rentekammeret frå granneområdet Sunnmøre i Romsdals amt. Bondelensmann Sivert Aarflot, som elles å nemne stod for eit av dei mest utfyllande og grundige svara til Rentekammeret, kjem nemleg inn på denne problemstillinga. Aarflot meinte også at det var best å vurdre dei einskilde teigane etter at «... Grøden er Afhøstet», men hevda samstundes det ikkje var: «... uden Nytt om endskiønt Marken staar med Græs». Grunngevinga for eit slikt syn var at ein på det viset ikkje berre kunne vurdere jordkvalitetane når åkrane og enga stod naken, men at ein i høgste vekstsesongen kunne vurdere: «... Afmeyningens Lethed og Høets meer eller mindre Indsvinding i Tørringen ...» opp mot stoda når grøda «... staar i Græs».

### Institusjonelle ordningar

Før me går inn på dei konkrete granskningane av tidspunktet for boniteringsarbeidet i dei tre utvalde herada, skal me sjå at bøndene sjølv hadde funne ordningar som skulle

reduere trakking på grannen sin åker og eng både der det var teigblanding og der jordeigedomstilhøva var av ei slik form at «... Brugenes Beliggenhed er saa ubekvem eller deres Form saa uregelmæssig, at Fredningen og Driften falder dem ligesaa vanskelig og kostbar, som om der fandt Teigeblanding Sted», som Utskiftingskommissjonen av 1875 skriv.<sup>12</sup> Der det ikkje berre var teigblanding, men teigar av eit ulageleg mønster som låg som buktningar om ein annan, måtte ein avgrense transportproblemet over andre menn sine teigar når det trongst. Ein kjenner ikkje til faste lover eller reglement som regulerte dette, men i område med utprega teigblanding kan det verke som om det har oppstått institusjonelle ordningar i den agrare strukturen for å løyse slike potensielle konfliktområde grannar imellom.<sup>13</sup>

Instituttet for sammenlignende kulturforskning (ISKF) sine heimelsmenn frå både dei to vestlandsherada Veøy og Ullensvang, der me veit at både talet på teigar kunne vere høgt og at teigstrukturen kunne vere komplisert,<sup>14</sup> har med opplysingar om slike institusjonelle ordningar. Frå Ullensvang herad heiter det seg at det frå gamalt av var vanleg at ein hadde rett til å trakke inn på granneteigen når ein til dømes køyrde fram plog eller harv på teigen sin. Det stykket av granneteigen som hesten då hadde rett til å trakke inn på kalla dei *fotafære* eller *fotatrakk* i Ullensvang sokn, medan ein i grannesoknet Odde sa *fotatró*. Det heitte seg også at ein skulle jamne jorda eller horve etter seg når hesten hadde trakka inn på granneteigen, men det var også slik at mange unnlèt å kome inn på teigen til grannen. Då pløgde han så langt bort imot bytet mot grannen at hesten nådde bytelina med framføtene, før ein så snudde hesten, drog ploget bort til bytet og pløgde attende.<sup>15</sup> Likeins kjenner ein

12. Stortingsforh. 1880: 3 D nr. 7, s. 3.

13. Om omgrepet «institusjonelle ordningar», sjå: Rysstad, S.: *Agrar struktur og økonomisk utvikling. Strukturelle endringer og deres betydning for landbrukets økonomiske utvikling. Eksempler fra norsk agrarhistorie – 17. Til 20. århundre*. Dr.scient. avh. NLH. Ås 1988, s. 64f og Sevatdal, H.: *Lokale institusjonar for allmenningar og sameiger*. I: Haarstad, K. og Tretvik, A. M. (red.): *Bønder jord og rettigheter. Rapport frå agrarhistorisk symposium*. Trondheim 1996, s. 113f.


14. Opplysingane i denne artikkelen vedrørande innmarksutskiftingane i Lom, Ullensvang og Veøy er henta frå ei upublisert doktorgradsavhandling av Mads Langnes som er under avslutting i 2014, vedrørande innmarksutskiftingane i Hardanger, Nord-Gudbrandsdal og Romsdal.

15. Riksarkivet: *ISKF, Bondesamfund., C: Gards- og grannesamfund, Kasset C1-12, nr. 46: hele Hardanger. Nr. II, 87.*

omgrepet *fotlandet* frå Veøy herad og Romsdal, der det heitte seg at «Fotlande e fritt» når ein køyrde fram hestereiskap med fare for å kome inn på ein granneteig.<sup>16</sup> Ein kjenner ikkje til tilsvarande ordningar frå Lom herad, noko som også er naturleg grunna den langt enklare teigstrukturen som var å finne på gardane i dette heradet. Landbrukshistorikaren Fartein Valen-Sendstad var også inne på slike «liberale innrømmelser» som at det for kortare eller lengre tid vart gjeve løyve til å trø inn på ein annan sine teigar for landet sett under eitt, men hevda samstundes at denne retten gjerne var tidsavgrensa til tre dagar etter at teigen var tilsådd. I somme delar av landet var det heller ikkje vanleg med ein slik rett, trass i omfattande teigblanding.<sup>17</sup>

#### Boniteringsarbeid etter utskiftingslova av 1857

Med utskiftingslova av 1857 kom det krav om at det skulle teiknast opp kart over det arealet som var kravd utskifta, med innteikna teigar og eigedomsgrenser slik dei var gjeldande då forretninga tok til. Dette kravet vart lovfesta i § 18 i den nye lova, med ei føresegn om «... at Sameiet eller Fællesskabet bliver opmaalt og boniteret og geometrisk Kart over samme optaget.»<sup>18</sup> Sjølvje boniteringa innebar ei vurdering og gradering eller klassifisering av produksjonsemna til dei einskilde jordstykkene.<sup>19</sup> Dette var av det aller viktigaste arbeidet for luteigarane på garden, då dei med det fekk sett verdi på det arealet dei åtte, som igjen ville vere utslagsgjevande for kva dei fekk att etter utskiftinga. Tilsvarande krav om kart og oppmåling fanst ikkje tidlegare, heller ikkje etter utskiftingslova av 1821.<sup>20</sup> Indredepartementet fann det difor naudsynt å utarbeide eit reglement som skulle utfylle utskiftingslova av 1857, med føringar for korleis formennene skulle gjennomføre forretningane både prak-



Framsida til «Regler til Veiledning ved Udsiftningsforretninger i Henhold til Lov af 12te October 1857, om Jords og Skovs Udsiftning af Fællesskab», trykt Christiania i 1859.

tisk og juridisk. Ifølgje utskiftingsreglementet frå 1859 skulle utskiftingsformennene ta til med oppmålings- og kartarbeidet så snøgt som råd etter ei utskiftingsforretning var fremja, for å avklare rettar og verdsette dei einskilde arealeiningar. Reglementet gav klare reglar for korleis teigar, bygningar, vegar, bruer, innhegningar, elver, kvernhus, husmannsplassar og anna innan fellesskapet skulle merkast av på kartet.<sup>21</sup> Etter at kartet var ferdigteikna, var det tid for bonitering av teigane. Under denne økta «... blive de forskjellige Jordstykker omhyggeligen at sammenligne med hverandre»; eit arbeid på

16. Referert etter: Riksarkivet: ISKF: Gard og grannesamfunn. Kassett C1-17: Voll: II, 87, s. 2. Informant: A. Sæbo. Kasset C1-17: Veøy: II, 87, s. 1. Informant: P. A. Kjølseth.

17. Valen-Sendstad, F.: *Norske landbruksredskaper 1800–1850*. Lillehammer 1964, s. 218.

18. *Lov om Jords og Skovs Udsiftning af Fællesskab* av 12. oktober 1857, § 18.

19. Christensen, H.: *Jordskifteloven med kommentarer*. Oslo 1952, s. 66.

20. Sky, P. K.: *Tolkning av gamle jordskiftekart*. I: Ravna, Ø. (red.): *Perspektiver på jordskifte*. Oslo 2009, s. 615f.

21. Jf. også: Sky 2009, s. 621ff.

skiftefeltet som tok lang tid og ofte gjekk over fleire dagar.<sup>22</sup>

Ifølgje departementet skulle formenn som hadde fleire forretningar gåande leggje boniteringsarbeidet til sommarhalvåret, då det var det mest effektive: «... den til Arbeide i Marken skikkede Tid af Aaret anvendes til de ved de forskjellige Forretninger forefaldende Arbeider af denne Natur, og at de Arbeider, der foregaa inden Huus, henlægges til Vintermaanedene».<sup>23</sup> Dette høyrer fornuftig ut, då ein kunne gjere oppmålingar, ta jordprøver og anna utarbeid på den tida det hōvde best reint agronomisk sett,

medan ein gjorde skrivebordsarbeidet med skifteplana på vinterstid. Å gå over all eng og all åker kunne likevel ikkje gjerast til ei kvar tid i sommarhalvåret, då ein korkje skulle «trø i graset» eller «trø ned annan mann sin åker». Ifølgje reglementet skulle ein difor både under oppteikninga av utskiftingskartet og under verdivurderinga ute på dei einskilde boniteringsteigane ta omsyn til kva årstid ein var inne i, då arbeidet til utskiftingsformann og utskiftingsmenn skulle utførast på eit tidspunkt då «... Skadetilføielse paa voxende Grøde saavidt muligt undgaaes, ...».<sup>24</sup> Nett dette med at ein ikkje skul-

		Jordmark		Utskiftingsprot.	
		Åker og Tomter	Eng og Bygd	Åker og Tomter	Eng og Bygd
		Maal	Maal	Maal	Maal
		Arbeidspaa Marken	Arbeidspaa Marken	Arbeidspaa Marken	Arbeidspaa Marken
		Arbeidspaa Marken	Arbeidspaa Marken	Arbeidspaa Marken	Arbeidspaa Marken
a. Guds af Lars Larsen Maal no 160 Folke no 1508					
Kjøbt af Amundens Skjøtlag af Skj. 2. 18. 1867					
Imor eller 1. Apr 1868					
1	Kalbeitmen	Åker	1	228	42800
2	»	»	1/16	238	03576
3	»	Eng	1 3/8		04703418
4	Høimaaletshøvet	»	1/8		02702400
5	»	Åker	80		05700072
6	»	Eng	1 3/8		04803491
6a	Kosthaugen	Åker	80		00100001
		Summa =		466	46376 180 09382
b. Guds af Ole Amundsen Maal no 160 Folke no 1508					
Kjøbt af Amundens Skjøtlag af Skj. 2. 18. 1867					
Imor eller 2. Apr 1868					
7	Kalbeitmen	Åker	1	409	40900
8	»	»	1 3/2	227	22012
9	»	»	1 3/8	229	02578

Utdrag frå boniteringslista som vart ført ved utskiftinga på garden Djonne indre i Ullensvang herad i 1867. Kjelde: Statsarkivet i Bergen: Hordaland jodskiftedøme, Hardanger jodskiftedistrikt, Forhandlingsprot. Har A4 1867–1870, fol. 84.

22. Regler til Veiledning ved Udskiftningsforretninger i henhold til Lov af 12te October 1857, om Jords og Skous Udskiftning af Fællesskab. Christiania 1859, § 19.

23. Ibid.,

le skade åkrane som stod i flor, ser me til dømes i eit konkret døme frå innmarksutskiftinga på garden Hammervold i Veøy herad i 1862, der utskiftingsformann Dahl under boniteringa i byrjinga av september noterer at ein skulle vente med å bonitere åkrane, då: «... saavel Lodeierne som Udsiftningsretten være enige om, at man hermed skulde uskaaret og det formentes at forvalde Skade paa den væksende Grøde om man nu skulde nøde at bonitere den». <sup>25</sup> Det vart også lagt til at ein trudde det var enklare å ta åkerteigane i augesyn for bonitering når kornet var skore.

### Jamførande gransking

Ein analyse av dei sju utskiftingsforretningane i Lom herad, 34 i Veøy herad og 28 (av totalt 29 forretningar) i Ullensvang sokn av Ullensvang herad som har opplysingar om boniteringstidspunktet i tidbolken 1859–1920, viser at det helst var haustmånadane ein nytta til boniteringsarbeid. I denne analysen er det gått ut frå sjølve hovudboniteringa, og ikkje eventuelle nyboniteringar av einskildteigar seinare under utskiftingsforretninga eller overutskiftinga. I Ullensvang sokn utførte ein boniteringa i fire av forretningane både i august og november, medan dei to månadane i mellom; september og oktober, var dei mest nytta til boniteringsarbeid, då ein i båe desse månadane utførte boniteringa i åtte forretningar. Likeins var september ein mykje nytta månad til boniteringsarbeid i Veøy herad, då ein gjennomførte boniteringa i om lag ein firedel av dei 34 forretningane i heradet denne månaden. I tre av sju forretningar i Lom herad var det også bonitering i september, og månaden peikar seg ut som den klårt mest nytta til boniteringsarbeid. Mesteparten av enga var slått når ein var komen til september, og ein var godt i gang med skurdonna. Landskapet låg med det godt til rettes for boniteringsarbeid. Men ein kunne også velje å utføre dette arbeidet sei-

nare på hausten om ein ville vere sikker på at kornet var kome inn og åkrane låg opne for trakk, sjølv om ein stod i fare for å møte frost, snø og andre faktorar som kunne vere til hinder for ei rettviss og grundig verdsetjing av innmarksarealet på denne tida av året. Eit døme på dette kan hentast frå garden Espe nedre i Ullensvang sokn, der ein hadde teke til med å bonitere innmarka i november 1881; «... men som imidlertid hindredes paa grund af, at marken var tilfrossen». <sup>26</sup> I Lom herad utførte ein boniteringsarbeidet seinare enn i september berre ved eitt høve, og det var då formann Norderhuus leidde dette verdsetjingsarbeidet med ei «... omhyggelig sammenligning mellem de forskjellige Boniteringsstykker...» på garden Frisvold i byrjinga av oktober i 1876. <sup>27</sup> I Veøy herad vart det utført boniteringsarbeid ved fem forretningar i oktober og ved ei forretning så seint som i november.

På vårparten og første delen av sommaren vart det utført heller lite boniteringsarbeid i Ullensvang sokn, men meir i herada Lom og Veøy. I Ullensvang sokn var det berre ved eitt høve ein nytta april månad til boniteringsarbeid, ved to forretningar var det bonitering i mai og ved ei forretning i juni. Juli månad vart ikkje nytta til slikt arbeid i det heile i Ullensvang sokn. I Lom herad vart det derimot utført bonitering i tre av forretningane i juni, som saman med september månad var dei to mest nytta månadane til slikt arbeid i heradet. I Veøy herad var det også slik at ein berre ved eitt høve byrja bonitere så tidleg som i mai månad, og det var også heilt mot slutten av månaden. Dette vart gjort på garden Bakken, og var etter kva utskiftingsformann Dalset skreiv i utskiftingsprotokollen den 20. mai 1880 etter ønske frå brukarane: «Da Parterne fremførte Ønske om at Ageren strax kunde boniteres.» <sup>28</sup> Dei to månadane det var føreteke mest boniteringar i heradet utanom i september, var i juni og juli, med høvesvis seks og åtte boniteringssesjonar. I tillegg til dette var det bonitering ved fem høve i au-

24. *Ibid.*, § 17.


25. Statsarkivet Trondheim: *Utskiftingsvesenet i Romsdals amt. Utskiftingsprotokoll: Dahl*, fol. 14b.

26. Statsarkivet Bergen: *Hardanger og Voss sorenskrivarembete: Pantebok, II.B.e.11, 1884–1887*, fol. 55b.

27. Statsarkivet Hamar: *Utskiftingsvesenet i Oppland: Utskiftingsprotokoll for utskiftingsformann Norderhus 1876*, fol. 31.

28. Statsarkivet Trondheim: *Utskiftingsvesenet i Romsdals amt. Utskiftingsprotokoll: Dalset 1878–1882*, fol. 99b.

Tabell: Gjennomføringstidspunkt for boniteringsforretningar



gust månad i Veøy herad, noko som måtte vere ei heller dårleg tid om ein ville unngå å trø i mest fullmogne kornåkrar.


Både mai, juni og byrjinga av juli kunne nok vere høvelege månadar til boniteringsarbeid, då denne tida midt mellom våronn og slåttonn var ei tid då bøndene sjølv såg seg tid til å delta i utskiftingsarbeidet. Dette var ei dauidtid mellom onnene, og kunne brukast til påkommande arbeid om det så var bryllaup, byferd eller bonitering. Dette var også utskiftingsformann Norderhuus i Kristians amt inne på, og legg til at det var vanskeleg å skaffe gode utskiftingsmenn i sjølve onnetidene.<sup>29</sup> Utskiftingsmennene var jo lekmenn som ofte sjølv hadde gard og onnetider å ta omsyn til. I motsetnad til boniteringane som gjekk føre seg på hausten, stod grøda i full flor når ein var komen til slutten av juni og utetter juli månad, noko som måtte redusere kor mykje ein kunne trø rundt i åker og eng. Då var det betre tidlegare på våren, men som nemnt var det berre ved eitt høve ein byrja bonitere i april månad i dei tre utvalde områda, og det var ved innmarksutskiftinga garden Aakre i Ullensvang sokn, der utskiftingsretten vart sett den 20. april 1886. Utskiftingsformannen la då fram eit utskiftingskart over garden, teikna opp av utskiftingsassistent Busdal, og tok så til med boniteringa: «Udskiftings-

retten derefter i Forening med de Mødende begav sig ud paa Marken og paabegyndte Bonitering.» Retten heldt fram med arbeidet nokre dagars tid, før ein hadde sett ein verdi på kvar av dei 565 boniteringsteigane på garden. Eit slikt arbeid medførte sjøvsagt ikkje berre at utskiftingsformannen og utskiftingsmennene skulle trakke rundt på alle teigar på skiftefeltet, men involverte oftast ein eller fleire av grunneigarane som sat på lokalkunnskap om både eigedomsgrenser og bonitet på dei einskilde teigar. Under referata av boniteringsarbeidet i utskiftingsforretningane ser me difor at dei involverte luteigarane ofte vart oppmoda om å vere med, både for å kunne gje opplysingar om lokale tilhøve og for at formannen ville unngå tvistar i ettertid. Då formann Heiberg skulle ta til med boniteringa på garden Bleie indre i Ullensvang herad i august 1874, skriv han til dømes følgjande i forhandlingsprotokollen: «Formanden fremlagde det siden sidste Møde optagne Kart over Sameiet og underrettede de Mødende om, at Boniteringen nu vilde blive paabegyndt hvorunder Lodeierne opfordredes til saavidt muligt at være tilstede.»<sup>30</sup> Likeins ved utskiftinga på gardane Andvord nordre og Andvord søndre i Lom herad, der «Lodeierne blev gjort opmærksom paa at de havde Anledning til at være tilstede ved Boniteringen

29. Stortingsforh. 1889: 3 D nr. 16, s. 8.

30. Statsarkivet Bergen: *Hardanger jordskiftedistrikt: Forhandlingsprotokoll: Har A5,1870–1874*, fol. 230.





*Utskiftingslandmålar Fredrik Julius Julin (i midten) og hans «hjelpere» i 1882. Kjelde: Det norske jordskifteverks tjenestemenn 1859–1959. Oslo 1959, upag.*

for at paahøre de afgivne Grader og straks dertil gjøre sine Bemærkninger!»<sup>31</sup>

### **Konklusjon**

I denne artikkelen har me granska i kva grad bønder og utskiftingspersonale i det gamle bondesamfunnet tok omsyn til det prosaiske ønskjemålet om ikkje å «trø i gras-set» under såvel dagleg drift på gardane som under utskiftingsforretningar. Det viste seg at ein allereie i dei gamle, norske mellomalderlovene hadde vedtekter for når på året utskiftingane skulle gå føre seg, med primært vår, men også haust, som dei aktuelle årstidene. Desse lovføresegnene om å utføre utskiftingar når åkrar og bøar var opne og usådde gjekk vidare til dei norske lovene frå 1600-talet, og vart med det gjeldande utskiftingsrett fram til ein fekk ei eiga utskiftings-

lov i 1821. Sjølv om det viste seg at me finn spor av ein tanke om å verne åker og eng i førearbeida til denne lova, kom det derimot ikkje eigne vedtekter for når utskiftingsarbeidet skulle gå føre seg i sjølvne lova. Dette kom derimot inn att etter at ein fekk ei ny utskiftingslov i 1857. Som ei følge av denne lova vart det for første gong oppretta eit eige utskiftingsvesen, der granskingane viste at reglementet for utskiftingsformennene frå 1859 inneheldt føringar om at utskiftingane skulle utførast på dei tidene av året der skadane på veksande grøde vart minst moglege.

I ei jamførande gransking av tidspunktet for boniteringsarbeidet under innmarksutskiftingane i dei tre ulike geografiske analyseiningane Lom herad, Veøy herad og Ulensvang sokn, viste det seg at det særleg var haustmånadane som vart nytta til slikt arbeid. På denne tida var enga slått og åkrane

31. Statarkivet Hamar: *Utskiftingsvesenet i Oppland: Utskiftingsprotokoll for utskiftingsformann Stendahl 1898*, fol. 3.

for det oftaste enten hausta eller under hausting. I tillegg var det nokre boniteringsforretningar på våren, og særleg for Veøy herad sin del også på den tida eng og åker stod i full flor i løpet av sommarmånadane. Boniteringsarbeid i sommarmånadane juni, juli og august medførte i dei fleste høve at såvel utskiftingspersonalet som bøndene sjølv måtte «trø i graset», sjølv om dette helst skulle unngåast i følgje føringane frå utskiftingsreglementet. Dette kan tyde på at andre faktorar enn berre dei gamle orda om ikkje å trø i graset også spelte inn. Kan hende var ei meir praktisk retta årsak også med å avgjere kva tid boniteringsarbeidet kunne utførast; nemleg arbeidsmengden og arbeidspresset på utskiftingsformennene. Gjennom heile den tidbolken me omhandlar finst det klagar på at det var for få utskiftingsformenn særleg i Hardanger og Romsdal, men også i Nord-Gudbrandsdal. Så kan hende var presset om å få det store talet på utskiftingskrav gjennomført, også mellom dei faktorane som avgjorde om ein fekk utført boniteringa til ei

ideell tid eller på eit mindre heldig tidspunkt sett frå den veksande grøda i åker og eng sin synsstad? Ei anna moglegheit var at ein ikkje berre tok omsyn til veksande grøde og kva tid dei involverte mennene hadde til å møte, men at ein sjølv om det gjekk i mot føringane i utskiftingsreglementet, la boniteringa til dei tidene grøda stod i full flor og gav dei beste opplysingane om produksjonsverdien av dei einskilde teigar. Så kan hende er det ikkje berre poeten Skjæraasen sine ord om ikkje å trø i graset me skal halde oss til, men like gjerne hardangerpoeten Olav H. Hauge sine verseliner?

**Syn oss åkeren din**

*Møt ikkje med:  
gøyande hund,  
hotande hand,  
trakk ikkje i rugen!  
men syn oss åkeren din  
ei morgonstund!*  
Olav H. Hauge, 1956